

SKULETUR TIL ROMA 02.10.17 - 06.10.17

Kjære deg som skal gå i 3PÅ/3SF skuleåret 2017-2018. Vi, Trond Kråvik og Aud Laila R. Heier, er allereie godt i gang med å planlegge ein innhaldsrik Romatur til hausten. På grunn av bestilling av flybilletter og anna, er det viktig å vite nøyaktig kor mange som vert med. Ver snill å gje raskt beskjed til skulen om planane dine skulle endre seg. Meld også frå om særskilte behov eller andre omsyn vi bør ta.

Reisefakta:

Det vert felles avreise frå skulen måndag 2. oktober til Oslo og flyavgang frå Gardermoen kl. 18.00. Då er vi i Roma kl. 21.10. Vi er tilbake på Gardermoen fredag 6. oktober kl. 14.15. Haustferien startar der, så heimreisebilletter kan bestillast frå Oslo. Dei som vil til Balestrand får skyss tilbake dit same dag.

Dette bør vere med til skulestart (må leverast seinast 1.september):

- gyldig pass (sjekk utløpsdato)
- helsetrygdekort (kan bestillast på nettsida <https://helsenorge.no/>)
- gyldig reiseforsikring

Skulen betaler:

- fellestransport frå Sygna til Oslo (dei som vel å reise på annan måte, betaler sjølve)
- alle reiseutgifter tur-retur Oslo – Roma
- overnatting i Roma, inkludert frukost
- inngangspengar til obligatoriske ekskursjonar (museum o.l.)

Eleven dekker sjølv

- frivillige aktivitetar
- utgifter til mat. Internatelevar får refundert kostpengar for dei dagane vi er borte, så det dekker noko av utgiftene til mat
- samt reisa frå Oslo og heim (for dei som ikkje skal til Balestrand)

NB! Skule- og internatreglementet gjeld for heile turen. Null-toleranse når det gjeld alkohol. Turen vert avslutta **etter** tollene!

Vi gleder oss!

Helsing Trond og Aud Laila

